

1-3 åringane vert invitert på minimusikal.

06.04.2016



Noahs Ark

Søndag førstkommande, 10.04., kl. 11 vert alle som er eitt, to og tre år invitert til minimusikal om Noahs Ark i Uskedal kyrkje. Saman med dei små vert også fadrar, foreldre, besteforeldre, vene, naboar, og anna slekt invitert til ein koseleg time i kyrkja. Opplegget er ein del av trusopplæringa.

Minimusikalen er laga med tanke på små born og handlar om forteljinga om Noahs Ark. Borna skal vera aktivt med gjennom opplegget. Dei skal oppleva denne bibelforteljinga gjennom bruk av ulike sansar. Dei skal høyrja songar, laga rytmar til, og få sjå og kjenna på dei ulike dyra. Til rytmene vert det brukt ulike rytmearinstrument som t.d. regnstav, stjernedryss og fingersymbolar. Borna skal altså vera med og spela. Det vert også sunge enkle songar saman.

Etter forteljinga får borna undersøkja dyra og leika med dei. Det vert også sett fram litt å bita i

Det er den nytilsette trusopplæraren Kristine Hestad som står for opplegget. Det varer om lag ein time. Borna treng ikkje vera døypte eller bu i Uskedalen for å vera med på opplegget. Dei får også ei lita barnebok.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland